



JONDAL KYRKJE

Kjære konfirmentar med foreldre!

Konfirmantåret i år starta opp med litt vanskar i forhold til skuleundervisning og konfirmantsamlingar i kyrkja. Men no er vi samkøyrde og nedanfor finn de datoar for samlingane ut året 2025.

Litt om samlingane:

Samlingane startar kl 14.15 og held fram til kl 16.00 Me ynsker at samlingane skal vera annleis enn skuleundervisning. Det betyr at vi legg meir vekt på samtale og undring enn pugging og lekseprøvar. Det skal vere kjekt å kome til konfirmantsamlingar, og me startar alle samlingane med eit lite måltid. Er det nokon som har allergiar er det viktig at vi får vite om det. Det kan og vere andre ting de vil at Anne Karin og eg skal vita om. Ikkje vær redd for å ta opp ting med oss to som har ansvaret for samlingane.

Deltaking i gudstenestene:

Kvar konfirment vert sett opp på gudstenester som medhjelparar(ministrantar) Eige skjema med datoar kjem. På den måten vil alle få oppleve og delta på til saman 8 gudstenester inkludert konfirmantpresentasjonsgudstenesta, samtalegudstenesta og konfirmasjonsdagen. Viss nokon har lyst til å vere med som solistar, anten vokal eller instrumental på gudsteneste, er vi svært glad for det. De vi då få øvingstid hjå Anne Karin og få delta i gudstenester.

Leir:

I år har vi endeleg klart å få til ein konfirmantleir som vi trur vert bra både når det gjeld stad og innhald. Leiren er frå 7. november til 9 november og vert på Helgatun i Myrkdalen. Med oss vert konfirmentar frå Utne, Lofthus, Kinsarvik, Ulvik og Granvin. Alle stadane er det små flokkar med ungdom som gjer at ingen grupper er mykje større enn andre. Med oss på leiren har vi fått ungdomsleiarar frå Framne Kr. VGS som har aktivitetar med oss. Det vert med fire prestar og kanskje nokre organistar. Ullensvang Kyrkjelege fellestråd er inne å sponsar turen slik at kostnaden på kvar einskild konfirment berre vert kr 500,-

Kostnader:

Konfirmantåret kostar til saman kr 500,- for konfirmantsamlingar med mat og materiell (Bibel) I tillegg kjem kr 50,- pr semester for innmelding i Jondal ungdomskor der vi øver fram mot kyrkjespelet. Leiravgift er på kr 500,-

Viktige datoar:

- 21. September:** Konfirmantpresentasjon i Jondal kyrkje kl 10.30
Foreldremøte i etterkant av gudstenesta.
- 02. Oktober:** Konfirmantsamling i Jondal kyrkje kl 14.15 til kl 16.00
- 16. Oktober:** Konfirmantsamling i Jondal kyrkje kl 14.15 til kl 16.00
- 30. Oktober:** Konfirmantsamling i Jondal kyrkje kl 14.15 til kl 16.00
- 7-9 Nov:** Konfirmantleir i Myrkdalen
- 13. November:** Konfirmantsamling i Jondal Kyrkje kl 14.15 til kl 16.00
- 27. November:** Konfirmantsamling i Jondal Kyrkje kl 14.15 til kl 16.00
- 30. November:** Ljosmesse i Jondal kyrkje kl 16.00 til kl 17.00 med foreldre og sysken

Venleg helsing

Fungerande sokneprest Arne Opsahl-Engen

mobil: 90168102

Kantor Anne Karin Stormyr

mobil: 91394982